

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
002/2014	Valstyret	PS	04.09.2014

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Lin Tove Thomassen	14/1734	14/8156

Vidareføring av forsøk med elektronisk kryssing av manntal på valdagen

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune seier ja til å delta i forsøk med elektronisk kryssing i manntal på valdagen.

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Kommunal og moderniseringsdepartementet (KMD) har invitert Radøy kommune til å delta i forsøk med elektronisk kryssing i manntal på valdagen under kommunestyre- og fylkesvalet. Radøy er ein av 30 kommunar som har fått tilbod om å delta. Radøy har delteke i same forsøk både i 2011 og 2013. KMD har bede om å få saka handsama i valstyret med svarfrist 30. september.

Forskrift for forsøket vil departementet utarbeide i haust og denne blir sendt på høyring til kommunar som deltek. Forskrifta vil mellom anna omhandle handtering av framandrøyster (veljar som røyster i ein annan krins enn den han er heimehøyrande i på valdagen). Ved elektronisk kryssing i manntal, vert desse røystene handtert som ordinære røyster.

Kostnader knytt til forsøket må kommunen dekke sjølv, dette vil vere utgifter til datamaskiner, skrivar, oppsetjing av utstyr i vallokale og tilgang til internett med ei reserveløysing.

Det er fleire årsaker til at forsøket vert vidareført. KMD ønskjer å opparbeide seg erfaring over tid, dei ønskjer å sjå om ordninga gjev innsparingar over tid, korleis kommunane handtere endringane i valgjennomføringa og meir kunnskap om kva krav som er føremålstenleg å rette til kommunane ved full innføring.

Forsøket vil verte evaluert. Resultatet vert avgjerande for korleis kryss i manntal og forenkla ordning for mottak av framandrøyster på valdagen skal regulerast og verte forvalta framover.

Vurdering

Radøy kommune har hausta positive erfaringar med elektronisk kryssing i manntal ved dei to

føregåande valgjennomføringane.

Forsøket vil ikkje føre til auka bemanning i vallokala. Veljar treng ikkje vende seg til eit rodebord for avkryssing i papirmanntal, men gå direkte til ledig kryssebord. Vår erfaring er at kådanning skjer framfor valavlukka og ikkje framfor krysseborda.

Mykje av maskinvara og utstyr frå tidlegare val kan nyttast ved valet i 2015. Nye datamaskiner som vert kjøpt inn vil gå inn i drifta til kommunen etter valet. Røystelokala har i dag tilgang til nettverk via kabel eller wi-fi. Dersom nettverket er nede skal vi ta i bruk ei beredskapsrutine som ein nokså omfattande prosess. Det er derfor viktig å ha ei mobil nettløysing som eit alternativ denne dagen.

Det som er meir tidkrevjande med ordninga er oppsetjing og kontroll av utstyr i vallokalet. IKTNH må bidra med sin kompetanse. Arbeidet er likevel ikkje så tidkrevjande og røystekrinsane er store nok til at vi vurderer det som lite aktuelt å gå tilbake til gamal ordning.

Konklusjon

Radøy kommune ønskjer å delta i forsøk med elektronisk kryssing i manntal på valdagen.

Valstyret - 002/2014

VAL - handsaming:

VAL - vedtak:

Radøy kommune seier ja til å delta i forsøk med elektronisk kryssing i manntal på valdagen.